



Ikkje berre prestane, men også prosten i vårt distrikt hadde ein travel dag i dag. Svein Arne Theodorsen hadde 3 høgtidsgudstenester på programmet og dei var såpass spredt som Stord, Varaldsøy og Uskedalen og fann stad klokka 11, 15 og 18. På Varaldsøy døypte han også 2. Over er han på prekestolen her i bygda.

I preika her gav prosten uttrykk for kva for ein fantastisk dag det hadde vore med omsyn til naturprakt og fint ver. Dagens preiketekst henta frå Lukas evangelium karakteriserte han som nøktern.

Ved orgelet sat kantor Eva Megyesi, som ikkje berre imponerte med sitt spel også denne gongen men som i tillegg let si vakre songrøyst høyra. Det same gjorde Toril Myklebust Lie, som akkompagnerte seg sjølv på gitar då ho song to songar.

Det var ikkje så mange i kyrkja denne påskedagen, men 27. april er det nok ingen tvil om at ho vert godt fylt. Då er det konfirmasjon og 15 skal gjenta dåpsløftet denne våren. Då startar gudstenesta klokka 11.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

